



Kor mange godteri er det i bøtta, vart det spurt på siste post. (Foto: Ola Matti Mathisen)

#### Det kan vera spanande med aktivitetar i mørket!

Det syntes dei rundt rekna 80 unge og eldre i 20 familiar og andre grupper som deltok i tussaturen på og rundt Heio onsdag kveld. Dette spesielle arrangementet må registrerast som ein ny suksess, ettersom det hadde omtrent den same oppslutnad som i fjor.



Det flagra småspøkelser både her og der. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Turngruppa med idemakar og leiar Janne Hjørnevåg i spissen hadde plasert tildels intrikate spørsmål på 10 postar i ei refleksløype rundt i området, både i skogen og på banen.

Postane var lettare krydra med flagrande spøkelser, men verkeleg skummel var ikkje turen, forsikra nokon av dei minste uskedalen.no

Det duskregna litt, men ikkje nok til at det hemma tusseturen på noko vis. Og mellom skyane titta månan av og til fram og var med og laga den rette atmosfæra!

Silje og Sander Øye gjekk til topps i tevlinga med 19 av 20 poeng og som premie fekk dei ei halloween-bøtte fylt med godsaker samt ei lommelykt.

På andreklassen kom Espen, Gørill og Anne Elisabeth Samland Eik med 18 poeng og 18 hadde og tredjepremievinnar Hilde Hus med familie.

Det smaka godt med lappar, boller og varm kakao eller saft og kaffi etter turen. Kjenner vi Janne og turngruppa rett blir det nok ein ny tussatur neste år.

Av Ola Matti Mathisen



Deltakarane nærmar seg mål - bokstaveleg tala! (Foto: Ola Matti Mathisen)